

Brownells 52" Hard Rifle Case

TEKST OG FOTO: JØRUND LIEN

Toler det meste!

Gode, solide våpenkoffertar av plast er temmeleg kostbare, men vel verdt pengane samanlikna med det jakttur og våpen kostar. Men det er heilt greitt om ein kan få kjøpt god kvalitet til rimeleg pris. Som Brownells 52" Hard Rifle Case. Jakts Jørund Lien har ekstremtesta den.

ALE SOM HAR reist med jaktvåpen ut i den store verden har sett flyplassmannskapas hardhendte behandling som tydelege merke på våpenkofferten. Så hardhendt at det slett ikkje er uvanleg at rimelege våpenkoffertar har både sin første og siste reise på ein og same tur til Afrika!

DEN BEREISTE JEGER har sikkert sett amerikanske jegerar som, dei seinare åra, slepar lange, store og solide plastkoffertar rundt på afrikanske flyplassar. Trenden i dag er store, kostbare våpenkoffertar av plast. Solide våpenkoffertar av aluminium er meir sjeldne nå til dags enn dei var før. Vanlege, rimelege aluminiumskoffertar er eit risikomoment for både børse og eventuelle kikkertsikte.

ULEMPA MED MODERNE, solide plastkoffertar er både pris og vekt. Ein solid kvalitetskoffert kostar fort over tre tusenlappar og vekta nærmar seg ti kilo. Nå spelar for så vidt vekta liten rolle, ein må uansett betale ekstra for å få med våpenkofferten på flyet. Eg har aldri opplevd nokon som har brydd seg om totalvekta på den, ein må betale det dei skal ha uansett. Rett nok kan prisen variere, men det er ein annan sak utan



Seks skot på 100 meter med tre skot for Brownells 52" med Remington 700/ Swarovski Z8 fire gonger vart kasta ut frå andre etasje, og tre skot etter utkasting.

samanheng med vekt.

SOM SAGT ER gode, solide våpenkoffertar av plast temmeleg kostbare, men vel verdt pengane samanlikna med det jakttur og våpen kostar. Likevel er det heilt greitt om ein kan få kjøpt god kvalitet til rimeleg pris. Som Brownells 52" Hard Rifle Case. På Brownells heimesider er prisen i skrivande stund 1999 kroner og ut frå bilda ser Brownells 52" ut som diverse andre meir kostbare amerikanske

våpenkoffertar.

SJØLV OM FLEIRE våpenkoffertar alt er i hus måtte Brownells 52" bestillast, både for å sjå nærare på plastkofferten, og prøve å finne ut av kva den toler. Etter halvanna veke var den i hus, og første sjekk bekrefta trua om at denne våpenkoffert kjem frå ein av dei store i bransjen, men med Brownells namn, logo og brunfarge i staden for svart. Inne i kofferten låg eit papirark med overskrifta PLANO Gun Guard! PLANO er vel kjent for kvalitet, og ein bør derfor rekne med at Brownells 52" ikkje er unntak frå regelen.

To pluss to luftseilaser med bakketreff ble foreviga, før våpenkofferten med Remingtonen vart tatt med til skytebenken på nytt.



Brownells 52" Hard Rifle Case

UTVENDIG HAR BROWNELLS 52" to trillehjul i ein ende og handtak i andre, berehandtak midt på, fire låsbare klafflåsar på langsida og ein i kvar ende, to hol for ekstra hengslåsar og fem hengsle i bakkant. Innvendig har den tetningsring mellom topp og botn, skummadrass oppe og nede, og i midten ferdig ruta plukkskumgummi slik at ein kan ta ut nok bitar til å lage nøyaktig plass for eige våpen. Innvendige mål er nær 132 cm lengde, nær 32 cm breidde og 13,5 cm høgde, dermed er det plass til to jaktrifler og ein del utstyr i Brownells 52". Eller større rifler.

ALT VEL SÅ langt, men kor mykje toler eigentleg ein såpass kostbar plastvåpenkoffert? Den er tross alt "bare" laga av plast! Det kan vere opptil fleire måtar å finne ut av det, som å kaste koffert med rifle ut frå andre etasje. Denne testmetoden er sterkt inspirert av ei hending på London Heathrow tidleg på nittitalet: eg kom frå Johannesburg med British Airways, og med sete ved vindauga langt bak i Jumbojeten er ein slett ikkje blant dei første som slepp ut. Så eg vart sitjande å sjå på bakkemannskapa som gjorde klart til lossing av bagasje. Eitt av dei første kolli ut var våpenkofferten min, den vart kasta langt ut i ein ufin boge, bomma på bagasjebandet og enda rett på sementen i rullebanen. Det er langt ned frå ein Jumbojet, så der og då innsåg eg fordelene med skikkeleg solid våpenkoffert på tur!

MEN TILBAKE TIL Brownells 52". For å sette den på prøve vart min presise Remington 700 Mountain 280 Remington med Swarovski Z8 2-16x50 lagt fint ned i kofferten og alle låsar stengt. Kvelden før hadde eg skote ei treskotsamling på 100 meter. Planen var nå å kaste Brownells 52" med Remington 700/Swarovski Z8 to gonger ut frå andre etasje, og så skyte tre nye skot på same skive for å finne ut om treffpunktet var likt, eller om ting hadde hendt etter dårleg behandling av stor og tung våpenkoffert med rifle.

DENNE SEANSEN MÅTTE forevigast, så min betre halvdel fekk det ærefulle oppdrag å lempe tung koffert med rifle ut av vindauga i andre etasje medan eg tok bilde. Men det er ikkje lett å treffe med fargebalansen i kombinasjonen av flygande våpenkoffert mot lettskya



Ein stk Landcruiser nokså trygt plassert oppe på Brownells 52" var litt i overkant tungt.



Landcruiseren tok knekken på det midtre hengslet av fem.



Det er god plass til to jaktrifler og diverse anna utstyr i Brownells 52".

himmel ein mørk haustdag, så det måtte to pluss to luftseilasar med bakketreff til før eg var rimeleg fornøgd med bilderesultatet. Deretter vart Remingtonen pakka ut av Brownells 52" og tatt med til skytebenken på nytt. Tre skot før og tre skot etter fire lufteturar frå andre etasje resultera i 26 mm samling for alle seks skot! Første treskot der førsteskotet sat høgt hadde 23 mm samling, treskotsamlinga etter utkast var 17 mm. For dei interesserte kan det opplystast om at desse 280 patronene var ladd med 154 grs Hornady InterBond og 56 grs MRP.

EIN KAN TRYGT slå fast at Brownells 52" klara utkastelsen med glans. Men kor mykje klarar den av trykk og vekt? Å køyre over den med Landcruiser er ein enkel måte å finne ut av det på, og som tenkt, så gjort. Rett nok ikkje med Remington 700/Swarovski Z8 i Brownells 52" i denne testen. Så mykje stolar eg ikkje på plast. Derimot vart den fylt med avkappa 2x4" og så påkøyrte med Landcruiser. I det bakhjulet kleiv opp på Brownells 52" kom ein hard knekkelyd frå det midtre hengslet som rauk. Plasten var nok litt for lite elastisk. I tillegg til at

kofferten var for dårleg fylt slik at den vart samanpressa over tålegrensa.

SÅ VART LANDCRUISEREN parkera med hjulet midt på Brownells 52" og bilde tatt. Etter at bilen var parkera på meir eigna plass enn våpenkofferten var det tid for inspeksjon, og einaste varige mén, bortsett frå litt strekkmerke, var at det midtre hengslet av fem hadde knekt. Bortsett frå det er Brownells 52" like god.

SÅ KAN EIN meine kva ein vil om desse testmetodane. Ein kan godt meine at å køyre over våpenkoffertar med Landcruiser er useriøst. Det er i alle fall ikkje å anbefale for den som har kjøpt ny, og litt rimelegare koffert. Derimot er utkast frå andre etasje absolutt relevant i forhold til mange års erfaring med våpenkoffertar, flyplassar og bakkemannskap.

NÅ SKAL EG ikkje påstå at våpenkoffertar med vitande og vilje vert behandla verre enn annan bagasje, men til tider kan det sjå slik ut. Og når all bagasje kan få hardhendt behandling på flyplassar verden over, er det innlysande at presisjonsinstrument som jaktrifler og

kikkertsikte, må ha skikkeleg innpakning for å nå fram i god behald. For den reiselystne som vil ta godt vare på jaktrifla anbefalast hermed Brownells 52" Hard Rifle Case!

BROWNELLS 52" HARD RIFLE CASE

Forhandler: Brownells Norge
www.brownells.no, tlf 37 17 00 00

Pris: 1999 kroner

Vekt: 9,1 kg

Innvendige mål: 131,9x31,7x13,5 cm

Anna: To trillehjul, to handtak, seks låseklaffar og to hol for ekstra hengelåsar.



- + Pris, kvalitet, trillehjul
- Tung
- = Våpenkoffert som toler både ein og fleire støytar